



ÅRSMELDING FOR 2009

NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



1. Innleiing – generell omtale

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa held til på Høgskulen i Volda. Aktiviteten ved Nynorsksenteret har vore god. Særleg har det vore satsa på nettsidene til senteret, og her har det kome fleire nye og utvida tilbod for styrking av nynorskopplæringa over heile landet. Av nye tilbod er vevsidene som er laga i tilknytning til antologien *Les for meg!* med språkstimuleringstiltak for dei eldste barna i barnehagen og dei minste barna i skulen. Digitale læringsressursar på nynorsk er mangelvare, og Nynorsksenteret samarbeider med høgskulesektoren om ei utdanning for produksjon av nynorske læremiddel. I år støttar senteret i alt førti ulike prosjekt med ressursar, frå prosjekt med språkstimulering som tema til prosjekt med nynorsk som hovudmål eller sidemål.

Senteret samarbeider med høgskulesektoren om kompetanseheving for lærarar som arbeider i skulen, men har også dette året hatt etterutdanningskurs for lærarar, førelesingar for lærarstudentar og innlegg på fagkonferansar. Kursverksemda ved Nynorsksenteret har vore nedtona i 2009 i høve til tidlegare år.


Nynorsksenteret har i 2009, på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, arbeidd fram ein tiltaksplan for senteret. Planen vart godkjend halvvegs ut i 2009, og planen er gjeldande frå 2009 til og med 2012. Det følgjer eigne midlar med planen. Tilsette på senteret har arbeidd hardt med å setje i verk fleire av dei ulike tiltaka. Nynorsksenteret er godt nøgd med planen og vil gjere alt som er råd for å få han gjennomført.

I 2009 har senteret hatt elleve tilsette: fire i full stilling, fire i halv stilling og tre i mindre delstillinger. Tre av dei tilsette er desentraliserte i høve til Volda: ein tilsett på Høgskolen i Østfold, ein på Universitetet i Bergen og ein tilsett i Jølster i Sogn og Fjordane. Det har vore permisjonar og sjukmeldingar ved Nynorsksenteret store delar av 2009. Ressursmangel på personalsida har ført til noko avvik i oppdrag og opphavlege planar. Det tek lang tid å få tak i nye medarbeidarar, men frå 2010 ser personalsituasjonen ut til å verte betre, og arbeidet med å få tilsett fleire medarbeidarar er i gang.

Nynorsksenteret har framleis ein lite eigna kontorsituasjon fordi dei tilsette er spreidde på fleire hus ved Høgskulen i Volda (HVO). Kontorsituasjonen ser ut til å bli betre i 2010, og for Nynorsksenteret er det viktig å ha kontor fysisk nær dei viktigaste samarbeidspartnarane på Høgskulen i Volda, som er Ivar Aasen-instituttet og Avdeling for lærarutdanning og humanistiske fag.

Eg takkar alle samarbeidspartnarar for godt samarbeid i 2009.

Volda januar 2010


Anne Steinsvik Nordal, leiar

2. Felles mål for dei nasjonale sentra 2009

(frå Oppdragsbrevet til dei nasjonale sentra for 2009)

2.1 Være oppdaterte på forsknings- og utviklingsarbeid på fagområdene sine og bruke forskningsbasert kunnskap i formidlingsvirksomheten mot sektoren

Aktivitet

Tilsette på Nynorsksenteret har delteke på ei rekkje kurs og konferansar for oppdatering i 2009. Nettverksmøta i NOLES, NELVU og Nettverk for skulebibliotek og læremiddel gjev oppdatering på forskning og utviklingsarbeid. Nynorsksenteret har samla og laga ein oversikt over akademiske tekster på fagområdet:

www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13325

Måloppnåing

Nynorsksenteret er nøgd med oppdateringa gjennom dei ulike nettverka.

2.2 Systematisere og formidle gratis nettbaserte ressurser og støttemateriell på fagfeltene de er ansvarlige for. I 2009 skal sentrene samarbeide om og samordne sine nettbaserte informasjons- og veiledningstjenester. Sentrene skal i fellesskap utvikle og initiere en modell for samarbeidet og etablere et fast forum for nettredektørene

Aktivitet

Vevsidene til Nynorsksenteret er utvida og fornya med fleire gratis nettressursar og materiell. Sjå skildring av aktiviteten under spesifikke mål for Nynorsksenteret.

Nynorsksenteret har halde fram med å utvikle vevsidene sine i 2009. Brukartala for hovudsidene er aukande, jamvel om vi ser at ein del brukarar no går direkte til dei ressursane dei er ute etter, til dømes *På nynorsk*, utan å gå innom hovudsida fyrst.

Dei viktigaste ressursane på sidene er:

- Teikneseriar: www.nynorsksenteret.no/teikneseriar
- Nynorskbok.no: www.nynorskbok.no
- Les for meg!: www.nynorsksenteret.no/lesformeg
- Tekstbasen: www.nynorsksenteret.no/tekstbasen
- På nynorsk: www.nynorsksenteret.no/kurs
- Arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege: www.nynorsksenteret.no/grammatikk

Brukartal for vevsidene i 2009

Talet på unike brukarar har i 2009 auka for alle sidene til Nynorsksenteret. Brukartala såg slik ut for dei ulike sidene (tala for 2008 står i parentes):

- Hovudsidene: 30 773 (28 660)
- På nynorsk: 35 063 (28 527)
- Nynorskbok: 13 574 (9 469)
- Teikneseriesidene: 10 337 (5 645)
- Arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege: 8 722 (5 936)
- Tekstbasen: 8 138 (5 994)
- Les for meg!: 3 702 (1 331)

Tilsette på Nynorsksenteret har dette året halde over tjue kurs med informasjon om ressursane som finst på vevsidene til Nynorsksenteret.

Nynorsksenteret gjev ut bladet *Nynorskopplæring* tre gonger per år. Bladet har om lag tusen abonnentar, men i somme høve vert det sendt ut i større opplag. Bladet informerer om arbeidet til Nynorsksenteret og viser fram ressursane som finst på nettstaden. Bladet inneheld undervisningstips og bakgrunnsstoff for lærarar som underviser i nynorsk. *Nynorskopplæring* fungerer både som ein reklame for og eit supplement til vevsidene. Bladet er ein viktig kanal for å spreie informasjon ut til interesserte lærarar. Nynorsksenteret vil gjerne nå ut til fleire skular og lærarar med bladet og vil samarbeide med andre nasjonale senter for å få til ei betre nasjonal spreiding av bladet *Nynorskopplæring*. Alle nummera av bladet ligg ute på www.nynorsksenteret.no/blad/

Måloppnåing

Nynorsksenteret får gode tilbakemeldingar på dei ressursane som vi tilbyr på nettstaden vår. Likevel har nettstaden utviklingspotensial og må hele tida endrast og oppdaterast for å vere tenleg for målgruppa til senteret. Sjølv om talet på unike brukarar har gått opp for kvart år, står det mykje arbeid att med å gjere ressursane på nettstaden kjende. Nynorsksenteret har best erfaring med å drive reklame for nettstaden på kurs eller konferansar og ved å annonsere i fagblad. Dette vil difor senteret halde fram med samtidig som nettstaden vert forbetra.

Bladet *Nynorskopplæring* er viktig for å nå målet med å gjere ressursane til senteret kjende.

2.3 Følge opp nasjonale mål og satsinger for kompetanseutvikling. De nasjonale sentrene skal på sine områder bistå UH-institusjonene/lærerutdanningen i deres oppgaver innen etter- og videreutdanning for grunnopplæringen og bidra til å heve høgskolenes og universitetenes kompetanse som tilbydere om kompetanseutvikling. Sentrene skal legge til rette for erfaringsutveksling, møteplasser for samarbeid og samordning, spredning av kunnskap og informasjon om kompetanseutvikling.

Aktivitet

Tilsette på Nynorsksenteret har halde over tjue etterutdanningskurs rundt om i landet i samband med lesesatsinga i skulen. Kursa som inneheld presentasjon av og motivasjon for å lese nynorske bøker, har vore etterspurde både på kommune- og fylkesnivå. Kurs om lesestrategiar og lesing i alle fag og har også vore etterspurde, men på grunn av personalsituasjonen har ein ikkje fått avvikla så mange som ein ynskjer. Nynorsksenteret har stått for ei rekkje andre kompetansegejvande kurs for lærarar, sjå kurstilbodet www.nynorsksenteret.no/kurstilbod

Nynorsksenteret har teke initiativ til vidareutdanning for lærarar med eit studieemne på 15 studiepoeng som er knytt til FoU-prosjekt som Nynorsksenteret støttar. Lærarar som er i arbeid i skulen, kan ta vidareutdanning med grunnlag i eit utviklingsprosjekt som læraren sjølv driv.

I tillegg har dei tilsette på senteret halde mange førelesingar om nynorskopplæring og norskdidaktikk for lærarutdanningsinstitusjonar rundt om i landet. Dette har senteret gjort fordi det har vore etterspurnad om kurs og førelesingar frå lærarutdanningsinstitusjonar.

Måloppnåing

Nynorsksenteret driv kompetanseutvikling ved kurs og konferansar som oppfølging av Kunnskapsløftet og andre nasjonale satsingar. Ressursane til Nynorsksenteret ligg på nettstaden til senteret og er nasjonale tilbod.

Nynorsksenteret har gjort eit stort arbeid for å leggje til rette for lesing av meir nynorsk litteratur i skolen og meiner innsatsen har vore vellukka. Rapportane som Nynorsksenteret får som tilbakemelding om arbeidet, viser at skulane vert kjende med den moderne barne- og ungdomslitteraturen som finst på nynorsk, og at skulebibliotekarane kjøper inn og stiller ut fleire nynorske bøker enn tidlegare. Med større ressursar og fleire tilsette kunne senteret nådd endå fleire.

Når det gjeld skrivestimulering, har Nynorsksenteret i gang fleire utviklingsarbeid der elevar med bokmål som hovudmål brukar nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk. Dei fleste elevane i desse forsøka skriv også nynorsk i dette faget, og på denne

måten får elevane bruke nynorsk som arbeidsspråk og fagspråk. (Sjå filmen frå Holmlia www.skoleipraksis.no/nynorsk/filmar/nynorsk-larebok-i-krl/)

Nynorsksenteret vil gjerne samarbeide med Lesesenteret og Skrivesenteret om lese- og skriveoppdrag i framtida.

2.4 Bidra til at grunnutdanningen i lærerutdanningen sees i sammenheng med etter- og videreutdanning og annet utviklingsarbeid i grunnopplæring

Aktivitet

Nynorsksenteret har halde fjorten førelesingar/kurs om nynorskopplæring og norskdidaktikk for UH-sektoren på ulike stader i landet. Førelesingane/kursa har vore tilpassa ulike nivå i lærarutdanninga frå grunn- til masterutdanninga. Dessutan har Nynorsksenteret hatt fleire prosjekt som har utvikla høgre kompetanse i og om nynorsk i lærarutdanninga. www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/KronikkSkjongVederhus.pdf
www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Nynorsk_i_praksis_sluttrapport_nov_09.pdf

Måloppnåing

På området nynorskopplæring og lærarutdanning har Nynorsksenteret i samarbeid med tilsette på ulike lærarutdanningsinstitusjonar fått utført FoU-arbeid. Ved lærarutdanninga i Oslo og Bergen støttar vi fem større prosjekt. Det er offentleggjort artiklar i ulike fagblad om arbeidet og resultata som er oppnådde. Nynorsksenteret får tilbakemeldingar frå ulike hald, til dømes frå elevar, foreldre og lærarutdannar, om at det er stort behov for styrking av nynorskkompetansen både hos lærarstudentar som er i praksis og lærarar i skulen. Nynorsksenteret vil arbeide vidare med å få gjennomslag for ei styrking av nynorskkompetansen i lærarutdanninga og i etter- og vidareutdanning for lærarar.

2.5 Innhente, systematisere og dokumentere erfaring med implementering og bruk av læreplaner for fag. Oppdrag her vil bli beskrevet i eget brev fra Utdanningsdirektoratet

Nynorsksenteret har ikkje hatt noko oppdrag i høve til dette 2009.

2.6 Bistå Utdanningsdirektoratet i å gjennomføre undersøkelser knyttet til læreplanene. Oppdrag her vil bli beskrevet i eget brev.

Nynorsksenteret har ikkje hatt noko oppdrag i høve til dette i 2009.

2.7 Bistå Utdanningsdirektoratet i arbeidet med utviklinger av veiledninger til læreplaner for gjennomgående fag. Oppdraget vil bli beskrevet i egne brev fra Utdanningsdirektoratet.

Nynorsksenteret har ikkje hatt noko oppdrag i høve til dette i 2009.

2.8 I fellesskap bistå Utdanningsdirektoratet i å utarbeide støtte- og veiledningsmateriell knyttet til skolens arbeid med de grunnleggende ferdighetene. Direktoratet vil ta initiativ til oppstart av dette arbeidet.

Aktivitet

Nynorsksenteret har i samarbeid med Lesesenteret utarbeidd rettleiingsmateriell i høve til grunnleggjande ferdigheiter i «Lesing er». Nynorsksenteret har gjennom arbeidet med gratis læringsressursar på nettet for styrking av lesing og skriving på nynorsk vore med på arbeidet med å styrkje grunnleggande ferdigheiter i skulen.

Måloppnåing

Gjennom FoU-prosjekta ved Nynorsksenteret vert det lagt vekt på at alle prosjekt skal inn i den lokale læreplanen for norskfaget på den enkelte skulen. Slik vil resultatane frå lese- og skriveprosjekta verte spreidde til fleire lærarar enn dei som deltek i prosjekta. Nynorsksenteret legg undervisningsopplegg, som har vore prøvde i nokre år, ut på nettstaden.

2.9 Bistå Utdanningsdirektoratet i arbeidet med utvikling av kartleggingsprøver og nasjonale prøver. Oppdraget vil bli beskrevet i eget brev fra Utdanningsdirektoratet til de aktuelle sentrene

Nynorsksenteret har ikkje arbeidd i høve til Utdanningsdirektoratet med utvikling av kartleggingsprøver og nasjonale prøver i 2009.

2.10 Gjennomføre tiltak som skal styrke kompetansen innen elev- og lærlingvurdering i UH-sektoren i de ulike fagene(jf. brev fra Utdanningsdirektoratet av 25. 09. 2008 til de nasjonale sentrene)

Aktivitet

På Høgskolen i Oslo arrangerte Framandspråksenteret, NAFO, Lesesenteret, Skrivesenteret og Nynorsksenteret i september ein konferanse om vurdering retta mot tilsette i lærarutdanninga.

På konferansen la Synnøve Skjong og Inger Vederhus fram sine forskingsresultat frå eit prosjekt dei har gjennomført ved allmennlærerutdanninga i Oslo med støtte frå Nynorsksenteret.

<http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/SkjongArtikkel.pdf>

Tilsette på Nynorsksenteret deltek i vurderingsprosjektet NELVU. Sjå meir informasjon under skildring av aktivitet i spesifikke mål for Nynorsksenteret.

Måloppnåing

Nynorsksenteret ønskjer å utvide aktiviteten ved å følgje tettare opp arbeidet til nettverk for elevvurdering, NELVU, og få vurdering inn i dei aktivitetane som senteret set i gang.

3. Spesifikke mål for Nynorsksenteret

Mål for 2009 – frå Oppdragsbrevet

3.1 Halde fram med kompetanseutvikling for å auke nynorskkompetansen for lærarar

Skildring av aktivitet

For allmennlærerutdanninga har Nynorsksenteret halde kurs rundt om på fleire lærarutdanningsinstitusjonar:

- Førelasingar for «Leselyft på barnetrinnet» som høgskulane i Stord/Haugesund, Sogndal, Bergen og Volda har sett i gang
- Førelasingar om nynorsk barne- og ungdomslitteratur på Høgskolen i Bergen og Høgskulen i Volda
- Førelasingar om lesestrategiar i alle fag for lærarstudentar, skuleleiarar og lærarar
- Førelasingar om teikneseriar i lese- og skriveopplæringa i Stavanger og Volda
- Førelasingar om nynorskdiraktikk ved Universitetet i Agder (sjå vedlegg)

Når det gjeld arbeidet med kompetanseheving for lærarar, har Nynorsksenteret teke initiativ til vidareutdanningsemnet «Nynorsk utviklingsarbeid i skulen». Studieemnet er særleg tenkt som kompetanseheving for lærarar som i samarbeid med Nynorsksenteret driv utviklingsprosjekt for å styrkje nynorskopplæringa i grunnopplæringa. Studieemnet er eit pilotprosjekt som Høgskulen i Volda vil drive etter prøveåret. Emnet er nær knytt til LK06 og lesesatsinga i skulen og passar godt inn i tilboda som Høgskulen i Volda har når det gjeld utdanning for lærarar i nynorsk: Masterstudiet i nynorsk skriftkultur ved Ivar Aasen-instituttet og vidareutdanninga «Nynorsk i opplæringa».

Nynorsksenteret samarbeider med Høgskulen i Sogndal om eit vidareutdanningsemne for lærarar om utvikling av digitale læringsressursar på nynorsk. Dette samarbeidet er ein konsekvens av granskinga, som Høgskulen i Sogn og Fjordane gjorde for Utdanningsdirektoratet, som viste stor mangel på digitale læringsressursar på nynorsk. Målet med samarbeidet er å skaffe fleire digitale læringsressursar på nynorsk som er tilgjengelege for lærarar over heile landet.

http://www.hisf.no/no/avdeling_for_laerarutdanning_og_idrett/studium/vidareutdanningar/produksjon_av_nynorske_digitale_laeringsressursar

Nynorsksenteret er med i *Nettverket for skulebibliotek og læremiddel* og har informert om Nynorsksentret og nettstaden på ei samling på Gardermoen i mai.

Konferansen «Vurdering for læring» vart halden i Førde 23. april med 130 deltakarar. Innlegg ved: Laila Aase, Ove Eide, Turid Hatlem og Anita Krakhellen, Anne Marie Holstad, Synnøve Skjong og Anne Steinsvik Nordal. Sjå www.nynorsksenteret.no/konferanse2009 for meir informasjon.

Vurdering av måloppnåing

Nynorsksenteret er godt nøgde med innhaldet i studieemnet «Nynorsk utviklingsarbeid i skulen» og meiner at kompetansehevingstilbod i nynorsk for lærarar ikkje er godt nok utvikla ved lærarutdanningsinstitusjonane. Senteret arbeider for at studieemnet skal spreiaast og vidareutviklast.

<http://hivolda.studiehandbok.no/hivolda2/content/view/full/21198>

Kurs og konferansar er viktige møteplassar for å nå målgruppene til senteret. Konferansen «Vurdering for læring» som Nynorsksenteret arrangerte i Førde i april, vurderer vi som svært vellukka og med mange deltakarar. Nynorsksenteret arrangerer kvart år ein konferanse på ulike stader i landet for målgruppa skuleleiarar, lærarar og lærarstudentar. Hittil har vi hatt konferansar i Volda, Oslo, Bergen og Førde.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Arbeidet med kompetansehevingstilbod er gjort innanfor lønsmidlane til dei tilsette. Det har vore vanskeleg å få leige inn ekstra personale til nye oppgåver.

3.2 Setje i gang og følgje opp forsøks- og utviklingsarbeid for å styrkje nynorsk i grunnopplæringa

Skildring av aktivitet

Nynorsksenteret sette i 2009 i gang 34 ulike utviklingsprosjekt på forskjellige stader rundt om i landet og på ulike steg i opplæringa, frå barnehagen til vidaregåande skule. Av desse var det 6 utviklingsprosjekt med styrking av nynorsk som sidemål, 12 utviklingsprosjekt med nynorsk som hovudmål og 16 skular med prosjekt for å styrkje leseopplæringa på nynorsk.

I tillegg kjem fire større forskingsprosjekt ved Høgskolane i Oslo og Bergen. Prosjektet «Nynorsk i lærarutdanninga» ved Høgskolen i Oslo, og prosjekta «Nynorsk i praksis: lærarstudentar møter nynorskelevar», «Lesegrupper» og «Nynorskbok i bybarnehagen» ved Høgskolen i Bergen.

Det vart arrangert seminar i Volda 22. og 23. oktober for lærarar som driv prosjektarbeid med styrking av skriftleg nynorskopplæring, særleg sakprosaskrivning. Seminaret samla 50 deltakarar. Førelasarar var professor i pedagogikk ved NTNU May Britt Postholm og stipendiat ved HiO Anne Kristine Øgreid.

Vurdering av måloppnåing

FoU-arbeidet ved Nynorsksenteret er sentralt i verksemda ved senteret. Kontakten med praksisfeltet som denne verksemda gjev, er nyttig for Nynorsksenteret mellom anna fordi senteret slik får signal om korleis lærarane meiner ein best kan styrkje nynorskopplæringa. Arbeidsmåtene i prosjekta er varierende, men Nynorsksenteret stimulerer skulane til å ta i bruk moderne læringsressursar på nynorsk og til å bruke dei tilboda som senteret har samla og utvikla. Gjennom FoU-prosjekta får senteret kontakt med engasjerte og dyktige lærarar som kan bidra inn mot senteret sitt mandat. Nynorsksenteret har engasjert Møreforsking til følgjeforsking på to av dei mest sentrale FoU-prosjekta som er i gang i 2009.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Nynorsksenteret har i 2009 etablert samarbeid med Møreforsking om følgjeforsking på FoU-prosjekt. Granskingar vart planlagde hausten 2009 og skal utførast våren 2010. Nynorsksenteret har difor ikkje hatt utgifter på forskinga på 2009-rekneskapen.

Peikarar til tilleggsdokumentasjon

3.3 Følgje opp tiltak som skal få barn og unge til å lese meir nynorsk

Skildring av aktivitet

Nynorsksenteret har i gang 16 lesestimuleringsprosjekt på barne- og ungdomsskular rundt om i landet. På nettstaden vår er www.nynorskbok.no ei informasjonsside om nynorske barne- og ungdomsbøker.

Ein litteraturmedarbeidar har halde 18 kurs om nynorske bøker for grunnopplæringa, og ein annan medarbeidar har utvikla kurs for førskulelærarar i samband med «Les for meg».

24. november heldt Nynorsksenteret seminar i Bergen om lesing på nynorsk for skular med leseprosjekt. 16 deltakarar frå 10 skular var med.

Vurdering av måloppnåing

Leseprosjekta er lite ressurskrevjande for Nynorsksenteret. Det viser seg at mange skulebibliotek inneheld altfor få nye nynorskbøker. Difor får skulane bruke ressursar

til innkjøp av moderne nynorskbøker som grunnlag for leseprosjekta. Dette er investeringar som kjem heile skulen til nytte i mange år framover. Leseprosjekta vil gå over fleire år og vil verte utvida med fleire bøker og meir materiell etter kvart.

Nynorsksenteret får tilbakemelding om at lesestimuleringskursa om nynorske barne- og ungdomsbøker er både populære og nyttige. Kurset for barnehagetilsette er kome i gang i år og har fått få tilbakemeldingar så langt..

Peikarar til tilleggsdokumentasjon

Det er mange som vitjar nettsida www.nynorskbok.no, sjå brukartal under punkt 2.2.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

3.4 Arbeid for å styrkje sidemålsopplæringa i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen

Skildring av aktivitet

Nynorsksenteret har i gang nokre FoU-prosjekt der elevane brukar nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk for å styrkje sidemålsopplæringa i ungdomsskulen.

Nettsidene har fleire læringsressursar som er med på å styrkje sidemålsopplæringa i ungdomsskulen og i vidaregåande skule.

Vurdering av måloppnåing

Prosjekt der elevane brukar nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk, har Nynorsksenteret hatt i gang i fleire år. Tilbakemeldingane har vore varierende, men skular som brukar nynorske lærebøker i eit fag i alle tre åra i ungdomsskulen, melder om at nynorsken vert vanleggjort som arbeidsspråk og at elevane får meir positive haldningar til nynorsk. Tiltak for å styrkje sidemålsopplæringa vil halde fram, og senteret vil dokumentere resultatet av arbeidet både undervegs og etter ein treårsperiode.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Nokre prosjekt er i gang, og fleire er under planlegging.

Peikarar til tilleggsdokumentasjon

Rapport frå Holmlia om bruk av nynorske lærebøker i RLE:

<http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13427>

3.5 Samarbeide med Lesesenteret i gjennomføring av effektstudium på lesing og skriving av fagtekster i tråd med intensjonane i LK-06 og LK-06S

Skildring av aktivitet

Dette samarbeidet er ikkje kome i gang.

4. Særskilte oppdrag i 2009

4.1 Ferdigstille rettleiingsmateriell om nynorsk i serien «Lesing er» i samarbeid med Senter for leseopplæring og leseforskning (jf. Oppdragsbrev 03-08 fra Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet)

Skildring av aktivitet

Nynorsksenteret har laga heftet «Les nynorsk» i samarbeid med Lesesenteret i Stavanger. Heftet er ein del av lesesatsinga «Lesing er», og heftet vert sendt ut til alle skular i landet. Undervisningsfilmene som Nynorsksenteret fekk laga i 2008, er lagde inn i heftet som ein DVD.

Vurdering av måloppnåing

Fordi heftet enno ikkje er sendt ut er det ikkje råd å vurdere måloppnåing. Nynorsksenteret er godt nøgde med samarbeidet med Lesesenteret om rettleiingsmaterialet, og vil gjerne samarbeide om fleire prosjekt.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Peikarar til tilleggsdokumentasjon

www.lesesenteret.no og www.nynorsksenteret.no

4.2 Styrkje nynorsk i opplæringa gjennom å utarbeide ein tiltaksplan. Tiltaksplanen skal godkjennast av Utdanningsdirektoratet. Senteret vil få ansvaret for oppfølging, gjennomføring og rapportering. Dette inneber også koordinering av arbeidet mellom ulike aktørar og ansvar for at tiltaka blir gjennomførte i samsvar med planen.

Skildring av aktivitet

Sjå punkt 5.

5. Rapportering i høve til tiltaksplanen for Nynorsksenteret

Sidan tiltaksplanen for Nynorsksenteret først vart godkjend midt i arbeidsåret (juni), tok arbeidet med tiltaka for ulike alderssteg for alvor til først i hausthalvåret. Tiltaksplanen har likevel vore under arbeid i så langt tid at verksemda ved Nynorsksenteret var prega av planen før han vart godkjend.

Oppstartsarbeidet i 2009 har ikkje kravd dei store midlane, men når arbeidet med dei fleste tiltaka kjem i gang i 2010, vil midlane som følgjer planen verte tekne.

5.1 Barnehage

Mål

Nynorske tekster skal formidlast til barn i alle barnehagar

Tiltak

- Setje i gang FoU-prosjekt for nynorsk språkstimulering i barnehagen og utvikle digitale ressursar for leik og læring på nynorsk for barn

Skildring av aktivitet

- Samarbeid med Høgskulen i Volda om utprøving og forskning på *Les for meg!* brukt i barnehagen (Avdeling for kulturfag ved HVO)
- Gransking av korleis *Les for meg!* er brukt i barnehagen og skule (Språkfolk, Bergen)
- Utarbeiding av kurs for førskulelærarar om språkstimulering i barnehagen og bruk av antologien *Les for meg!* <http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13472>
- Samarbeid med Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag og VRI-prosjekt ved Steinar Høydal om produksjon av animasjonsfilmane «Kråkebollebilly» og «Jakob og Neikob». <http://www.nynorsksenteret.no/lesformeg/stove.php?id=1>
- Ny nettside med ressursar, både filmar, interaktive barnesider og opplegg til bruk for førskulelærarar.

Måloppnåing

Nynorsksenteret har sett i gang FoU-prosjekt for nynorsk språkstimulering i barnehagen og utvikla nokre digitale læringsressursar for mindre barn, men det trengst meir samarbeid mellom ulike aktørar og ei breiare nasjonal satsing på dette området om ein skal nå ut til alle førskulebarn.

Skildring av aktivitet

Nynorsksenteret har gjeve ut antologien «Les for meg» med nyare nynorske tekstar for barn. Antologien vart gjeven som gåve til alle barnehagar og førsteklasse i heile landet (over 9000 bøker) for å stimulere til lesing av nynorske tekstar.

Måloppnåing

I 2009 gjorde Språkfolk DA ei evaluering av korleis antologien vart brukt i barnehagar og skular. Det viste seg at 42 % av dei 71 respondentane kjende til boka. Av desse var det 13 % som brukte boka kvar veke, 27 % kvar månad og 36 % som brukte ho sjeldnare. Det statistiske materialet i granskinga er lite, og ein kan ikkje generalisere om bruken av boka i heile landet med utgangspunkt i denne granskinga. Det var brukt lite ressursar på marknadsføring av boka. «Les for meg» er brukt på førskulelærerutdanninga ved NKL i Bergen og både på lærarutdanninga og førskulelærerutdanninga i Volda. Det kan føre til at boka får meir verknad etter kvart som desse lærarane kjem ut i arbeid.

«Les for meg» har gjeve ein sideeffekt på Høgskulen i Volda ved at det har vorte produsert animasjonsfilmar av forteljingar i boka. Det er arbeidd vidare med både «Kråkebollebilly», «Flekkmonsteret bygger harefelle» og «Jakob og Neikob», og produkta er tilgjengelege for alle på <http://www.nynorsksenteret.no/lesformeg/>. På denne sida kjem meir stoff for språkstimulering i barnehagen etter kvart.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Nynorsksenteret har brukt 230 000 på å utvikle nettsida «Les for meg» med animasjonsfilmar, og andre ressursar til antologien. Dei andre punkta er under planlegging.

5.2 Barnetrinn

Mål

Elevane skal oppleve at nynorsk er ein del av moderne språk og eit viktig grunnlag for deira språklege og kulturelle identitet.

Tiltak

- Setje i gang prosjekt med følgjeforskning for utprøving av tidleg start med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål

Skildring av aktivitet

FoU-prosjekt med tidleg start med nynorskopplæring for elevar med bokmål som hovudmål er i gang ved Våland skole i Stavanger.

I tillegg har Nynorsksenteret hatt drøftingar med lærarar frå tre prosjektskular med tanke på å etablere forskning knytt til prosjekta. Lærarane vil samle dokumentasjon frå prosjekta. Senteret har også hatt eit møte med eit pedagogisk senter i ein kommune med invitasjon til å delta i prosjektet «Tidleg start». Invitasjonen vart send vidare til alle skular i kommunen med elevar på barnesteget. Det har førebels ikkje vore respons. Det kan vere vanskeleg å etablere prosjektet i det omfanget som er nemnt i tiltaksplanen (ti skular), og vi er i startgropa for å knyte kontakt med aktuelle forskarar i UH-sektoren.

Måloppnåing

Nynorsksenteret har hatt i gang prosjekt med tidleg start i fleire år gjennom vårt vanlege FoU- arbeid (sjå I praksis <http://www.nynorsksenteret.no/ipraksis>), og får no gjennom iverksetjing av tiltaksplanen fleire skular med på liknande prosjekt.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Nynorsksenteret har ikkje hatt ekstra utgifter i samband med «tidleg start» i 2009.

5.3 Ungdomstrinn og vidaregåande skule

Mål

Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykke seg skriftleg på nynorsk gjennom bruk av læremiddel og læringsressursar på nynorsk i fleire fag.

Målet gjeld både elevar med nynorsk som hovudmål og elevar med nynorsk som sidemål.

Tiltak

For elevar med bokmål som hovudmål:

- Setje i gang prosjekt med følgjeforskning der elevane bruker lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk. Prosjektet skal vere treårig, ev. tre + tre år, og minst ti skular skal vere representerte.

For elevar med nynorsk som hovudmål:

- Setje i gang prosjekt med følgjeforskning med vekt på skriveopplæring i alle fag. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast i fleire område med nynorsk som hovudmål, til dømes Sogndal, Ørsta, Lom.

Skildring av aktivitet

Forsking på prosjekt som er i gang om styrking av lese- og skriveopplæring på nynorsk i samarbeid med Møreforsking. Dei første resultatane vil liggje føre våren 2010.

På Volda ungdomsskule er det i gang eit prosjekt med styrking av lesing og skriving på nynorsk som vert vurdert av Møreforsking våren 2010.

FoU-prosjekt om tverrfagleg skriving i vidaregåande skule på Ulstein vidaregåande skule. Prosjektet vart sett i gang hausten 2009. Møreforsking skal utføre ei kartlegging av nynorskkompetansen til elevane i starten av det treårige prosjektet og følgje prosjektet med forsking i tre år framover.

Måloppnåing

Prosjektansvarleg la fram resultatane frå prosjektet ved Volda ungdomsskule på Nynorskkonferansen i Førde i 2009 (sjå film frå konferansen <http://www.nynorsksenteret.no/konferanse/>). Det er også utvikla ein lokal plan med bakgrunn i resultatane for prosjektet «Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk» som vert lagt ut på nettstaden til senteret seinare.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Nynorsksenteret har ikkje hatt ekstra utgifter i samband med prosjekta i 2009.

Vidaregåande skule yrkesfaglege utdanningsprogram

Mål

Elevane med nynorsk som hovudmål i yrkesfaglege utdanningsprogram skal ha læremiddel, læringsressursar og lærarar med kompetanse inynorsk språk som gjer det mogleg for elevane å utvikle eit godt og relevant nynorsk fagspråk slik at dei kan bli trygge språkbrukarar i framtidig yrkesliv.

Tiltak

- Bidra til å utvikle materiell retta mot elevar/lærarar på yrkesfagleg utdanningsprogram
- Gjere fagtekstar på nynorsk tilgjengelege for målgruppa
- Formidle nettbaserte eksempel på nynorsk som brukspråk i arbeidslivet
- Tilby kurs for personar med lærlingansvar i lærlingbedrifter i område der nynorsk er opplæringsmål for lærlingar

Måloppnåing

Nynorsksenteret har ikkje fått sett i gang arbeid med tiltak for elevar/lærarar på yrkesfagleg utdanningsprogram, men har lagt planar for korleis senteret skal arbeide med dette tiltaket i 2010.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Nynorsksenteret har ikkje hatt ekstra utgifter i samband med dette arbeidet.

5.4 Språklege minoritetar

Mål

Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn skal få god tilpassa opplæring i nynorsk som sidemål slik at flest mogleg kan få norskfagleg kompetanse på lik linje med elevar med norsk som morsmål

Tiltak

- Tilby kurs for kompetanseheving i nynorsk for lærarar som underviser etter læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter
- Utvikle digitale læringsressursar på nynorsk for vaksne med minoritetsspråkleg bakgrunn
- Utvikle støttemateriell for opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn

Måloppnåing

Nynorsksenteret har ikkje fått sett i gang arbeid med tiltaka retta mot språklege minoritetar utanom den arbeidsgrammatikken som er laga tidlegare og som ligg på Nynorsksenteret sin nettstad. Arbeidet med dette tiltaket vert sett i gang våren 2010.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Nynorsksenteret har ikkje hatt utgifter i samband med dette arbeidet.

5.5 UH-sektoren/forsking

Mål

Senteret skal gjennom forskings- og utviklingsarbeid byggje opp og vidareutvikle kompetanse på høgt nivå på området nynorsk I grunnopplæringa.

Tiltak

Styrking av samarbeidet om forskingsoppgåver med lokale, regionale og nasjonale instansar og med fagmiljø på nasjonalt og internasjonalt plan for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for nynorskopplæringa

- Opprette stipendiatstilling for forskning knytt til prosjektet for elevar med nynorsk som hovudmål (sjå ungdomstrinn/vidaregåande skule)
- Tilby stimuleringstiltak for studentar og lærarar som tek særskild utdanning i nynorsk
- Utvikle etterutdanningstilbod i lesing og skriving

Skildring av aktivitet

- Har samarbeidd med Høgskolen i Oslo og Høgskolen i Bergen om forskning på nynorskopplæring, sjå rapportar på <http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13325>
- Har utvikla samarbeidsprosjekt med Møreforsking om forskning på nynorskopplæringa, dei første resultatata kjem våren 2010.
- Har utvikla eit 15 studiepoengs vidareutdanningstilbod, Nynorsk utviklingsarbeid i skulen, som vert tilbode som nettstudium ved HVO frå 1. januar 2010.
- Har vore med i etterutdanningsprosjektet i elevvurdering ved HVO/ Utdanningsdirektoratet. http://www.hivolda.no/index.php?ID=20884&lang=nyn&disp_layitem=3253&module=news
- Har samarbeidd med Høgskulen i Sogn og Fjordane om vidareutdanning i produksjon av digitale læringsressursar på nynorsk.
- Har lyst ut stipendiatstilling i skriveforskning med forskingsområde skriveopplæring på nynorsk.

Måloppnåing

Nynorsksenteret er godt nøgd med arbeidet mot UH-sektoren i 2009. Forskingsprosjekta som er i gang ved høgskulane gjev interessante resultat og ny kunnskap om nynorskkompetansen til lærarstudentar.

Studieemnet som Nynorsksenteret har utvikla for HVO, er eit fagfelt der det finst få tilbod. Nynorsksenteret vurderer at senteret bør ta initiativ til slik kompetanseheving fordi nynorskopplæring er eit fagområde som ikkje gjev dei største søkjartala for utdanningsinstitusjonane. For å betre måloppnåinga, vurderer senteret det som nødvendig å utvikle samarbeid om forskings- og utviklingsarbeid både med Utdanningsdirektoratet og andre nasjonale senter. Dette gjeld særleg oppdrag om forskning og utviklingsarbeid når det gjeld lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheit i alle fag.

Eventuelle avvik (inkludert økonomiske)

Utgiftene til arbeidet på UH-sektoren/forskning har vore dekt av grunnløyvingane. Fordi tiltaksplanen har vore under arbeid i lang tid har Nynorsksenteret starta arbeidet i retning av tiltaka i planen før planen var godkjend.

6. Andre oppdrag frå Utdanningsdirektoratet

Nynorsksenteret har i 2009 ikkje hatt andre oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

7. Oppdrag fra andre oppdragsgivere som er utført i 2009

Nynorsksenteret har halde nynorskkurs for ulike målgrupper gjennom Difi. Desse oppdraga har Nynorsksenteret teke på seg fordi senteret har ei formulering i mandatet som seier at: «Senteret vil også ha ei viktig oppgåve med å formidle kunnskap om nynorsk i opplæringa til foreldre og til ålmenta.»

8. Årsrekneskap

(Vert vedlagt.)